



NU-kontakt

Meldingsblad for Noregs Ungdomslag, nr 2/2006

Denne lagssendinga inneheld:

- NU-kontakt
- Søknadspapir til Eufemiefondet
- Informasjon om Hilmarfestivalen
- Søknadsskjema Norsk Amatørteaterfestival 2007
- kven Veit? junior 2007
- kven Veit? senior 2007

Årsmøte

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag 5. og 6. juli i Trondheim vedtok ny føremålsparagraf:

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

Lovene blei gjennomgått og har fått ein del endringar. Vi har også vedtatt nytt langtidsprogram for perioden 2006-2010 og arbeidsprogram for 2006-2007. Så snart årsmøteprotokollen er godkjent, kan de finne oppdaterte lover og program på heimesidene våre. Protokollen blir også lagt ut her. Ynskjer de desse dokumenta tilsendt i posten, ta kontakt med NU-kontoret.

Gunhild Berge Stang frå Stongfjorden i Sogn og Fjordane blei attvald som leiar.

I styret i Noregs Ungdomslag 2006-2007 sit desse personane:

Gunhild Berge Stang – leiar, medlem i arbeidsutvalet,

Tlf: 976 53 785, gunhild@ungdomslag.no

Hallvard Ellingsberg – nestleiar, medlem i arbeidsutvalet,

Tlf: 907 39 962, hallvard@ungdomslag.no

Olav Molland – medlem i arbeidsutvalet,

Tlf: 915 71 288, olav.molland@chello.no

Marianne Dahl – leiar i folkedansrådet,

Tlf: 971 53 857, marianne@ungdomslag.no

Tina Vilenica – leiar i teaterrådet,

Tlf: 412 11 383, tina@ungdomslag.no

Hill-Aina Steffenach – leiar i bunadrådet,

Frifond er no fordelt

Vi har delt ut 1,2 millionar kroner til gode og solide, og kreative og artige, aktivitetar i lokallaga! Det var over 130 søknader å behandle, og til saman hadde laga søkt om nesten 2 millionar kroner.

Vi har prioritert teaterlag med store og små oppsettingar, leikarringar og fritidsklubbar. Andre kriterium vi har gått etter, er om laga har sendt inn all naudsynt dokumentasjon, og ikkje minst: kor mange medlemmar under 26 år. Vi legg vekt på lag som aukar medlemstalet sitt.

Mange lag sender gode, fylldige, detaljerte søknader. Andre igjen sender sparsamt med informasjon. Det viktigaste for oss er at vi får eit inntrykk av kva aktivitet laget driv med, og kor store reelle utgifter laget har til prosjektet.

Neste gong vi fordeler Frifond-midlar, er i 2007. Alle lag får tilsendt informasjon i lagssending, men følg også med på heimesidene våre.

Fagseminara – ein sentral læringsarena i Noregs Ungdomslag

Fagseminara er utsett til våren 2007 og blir lagt saman med landsråsmøtet helga 27.-29. april på Sørmarka i Akershus. Dette er ein viktig møteplass for påfyll og inspirasjon,

Tema på fagseminara i 2007 blir:

BUNAD Symbol og signal i folkedraktene; før og no

FOLKEDANS Kva er god turdanstradisjon?

TEATER Fjorten prinsesser og ein oskelandd- barn- og ungdomsteater

Informasjon om påmelding til fagseminara kjem tidleg i 2007.

Søk musikkverkstadordninga

Støtta går til folkemusikktiltak, men kan også gå til dans der dette er ein integrert del av musikkaktivitet. I 2006 la sjangerutvalet for norsk og samisk folkemusikk særleg vekt på å støtte

- opplæring med lokalt tilsnitt, eldre folkemusikk framfor gammaldansmusikk

- instrumentkjøp for utlån

- dansetiltak, når dansen var ein integrert del av musikkaktiviteten

Tiltak med ungdomsprofil og kortare kurs og seminar blei prioriterte.

Søknadsfrist for midlar som skal fordelast i 2007 er 15. november 2006. Meir informasjon og søknadsskjema finn de på www.mvo.no

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

Festivalar, årsmøte og ungdomsringsamling i Oslo 2007

I tidsrommet 18.-27. juni 2007 arrangerer vi Folkekulturfestival, Norsk Amatørteaterfestival, årsmøte og ungdomsringsamling i Oslo.

Norsk Amatørteaterfestival 18.-24.juni

Folkekulturfestivalen 22.-24.juni

Årsmøtet 24.-25.juni

Noregs Ungdomslag 24.-27.juni

Fleire lag tilknytt Bygdelagsamskipnaden i Oslo (BLS) er saman med sentralleddet i NU aktivt med i planprosessen og gjennomføringa av arrangementa. Vi er òg i full gang med planlegging og rekruttering til Norsk Amatørteaterfestival der Mara Acantalicio er vald til festivalsjef. Årsmøtet er lagt mellom festivalane og ungdomsringsamlinga. Noregs Ungdomslag kjem til å ha møteplassar frå og med byrjinga av Folkekulturfestivalen og fram mot eiga samling som er i frå måndag til onsdag.

Set av desse datoane i planane til laget for neste år, og bli med på dei samlende kultur- og demokratiarenaene i organisasjonen!

Melding frå Folkekulturforbundet

Har laget ditt meldt inn eit kurs som du veit vert avlyst?

Studieforbundet Folkekulturforbundet melder at lag som har meldt inn kurs i år som dei veit blir avlyste, må melde i frå til Folkekulturforbundet så snart som råd. Det er fleire lag som ventar på å få tildelt midlar som vert svært glade om de melder i frå.

Ta utdanning som teaterinstruktør i NU

NU fullfører i desse dagar eit spanande prosjekt for å utvikle ny fagplan for instruktørutdanninga på teater. Målet med den nye instruktørutdanninga er å utvikle instruktørar med allsidig kompetanse, som vil utvikle seg som rettleiar og som vågar å stille krav til kvalitet og sjølv å strekke seg kunstnarleg. Utdanninga består av to trinn. Eit regionalt helgekurs og sommarkurs.

Første regionale kurs etter den nye fagplanen blir gjennomført på storkurset til Sogn og Fjordane Ungdomslag 20.- 22. oktober. Teaterrådet har møte den helga og gler seg til å få presentert den nye fagplanen. Neste regionale kurs blir på storkurset til Hordaland Ungdomslag 26.- 28. januar 2007.

Fylkeslag og regionar som er interessert i å gjennomføre kurs etter den nye fagplanen kan ta kontakt med Ida Marie Holmin på NU-kontoret, 24 14 11 13. De kan også ta kontakt med henne om de ynskjer meir informasjon om innhaldet i fagplanane.

Ta utdanning som folkedansinstruktør i NU

Aspirantkurs, folkedansinstruktør er for deg som har ein del danseerfaring, og er første steget på vegen til å bli folkedansinstruktør. Å utvide danserepertoaret sitt og bli ein betre dansar er viktige mål for helga. Du får også litt metodiske tips som du kan få bruk for i aspirantperioden. I tillegg får du vite litt om folkedans i Noreg, folkemusikken, å setje saman eit program, NU og modellane for instruktør opplæring.

Aspirantkurs, Leik og læring er første steg for deg som arbeider eller som ynskjer å arbeide med barn og unge i Noregs Ungdomslag med hovudvekt på dans. Deltakarane vil få ei innføring i dei mest sentrale grunnrytmene, repertoar, pedagogikk og metodikk retta mot barn og unge. Deltakarane må ha brei danseerfaring. I denne opplæringsmodellen vil ein hovudlærer følgje deltakarane gjennom heile året.

Etter at du har deltatt på eit av desse aspirantkurs skal du velje kva modell du vil følgje vidare; folkedansinstruktør eller barne- og ungdomsinstruktør (Leik og Læring). Når du har tatt valet vil det uansett følgje ein aspirantperiode der deltakarane jobbar saman med ein fadder, med erfaring som instruktør fram til Sommarkurs. Leik og læring har i tillegg eit avsluttande helgekurs.

Aspirantkurs hausten 2006:

Folkedansinstruktør:

Storkurset til Sogn og Fjordane Ungdomslag på Hotel Alexandra i Loen, 20.-22. oktober

Aspirantkurs våren 2007:

Leik og læring: Storkurset til Troms Ungdomsfylking, 26. – 28. januar

Folkedansinstruktør: Storkurs i Telemark, 26. – 28. januar

Folkedansinstruktør: Storkurs i Hordaland 26.-28. januar

Kontakt folkedanskonsulent Synnøve Jøregensen på kontoret, telefon 24 14 11 15 om du har spørsmål.

Verktøykassen og verktøyskrinet

Denne sommaren har vi utvikla kurspermen Verktøykassen og Verktøyskrinet, eit hefte for leiarar i ungdomslaga, for å betre kunnskapen om organisasjonsarbeid og gje lokallaga ei hjelpande hand.

Verktøykassen var ferdig i 1997 og det er no ein revidert versjon som kjem ut med ny utforming og ein god del nytt innhald. Her finn du alt frå praktiske tips rundt styrearbeidet til mediearbeid og rekruttering. - Innan kvart emne i Verktøykassen finn du lærarrettlegg, teori, framlegg til oppgaver og presentasjonar i powerpoint. Dette gjer at laga lett kan arrangere kurs innan støtteordningar eller prosjektstyring. - Først og fremst er Verktøykassen ein perm som vil bli brukt når sentralleddet og fylkeslaga arrangerer kurs i organisasjonsarbeid, fortel Åge Avedal som har vore prosjektansvarleg.

Verktøyskrinet byggjer på Verktøykassen, men er langt mindre i omfang. Alle leiarane i lokallaga vil få tilsendt heftet. Her vil du bli meir kjend med NU og finne praktiske tips rundt m.a. informasjonsarbeid, støtteordningar og leiarrolla.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

Aktuelle saker

I haust er det mange offentlege utgreiingar og dokument som er viktige for heile organisasjonen:

Fritid med meining NOU 2006:13

Eit utval har levert ei utgreiing om statleg støttepolitikk for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar.

Utgreiinga er ein omfattande gjennomgang av dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane når det gjeld utvikling av medlemstal, organisering og ikkje minst kor viktige dei er for skoloring innan demokrati. Organisasjonane er viktige kanalar for barn og unge si deltaking og reell medverknad i samfunnet. Utgreiinga handlar også om fordeling av driftsstøtte til organisasjonane og Frifond-midlane til lokallaga. Vi arbeider med ei høyringsfråsegn der vi særleg er opptekne av at det organisasjons- og kulturarbeidet NU og lokallaga driv blir verdsett i dei nye reglane for fordeling av statleg støtte. Frifond-ordninga er viktig for lokallaga i NU og vi arbeider for at ordninga skal halde fram som ei enkel, ubyråkratisk og målretta tilskotsordning.

Om "frivillighetsregister" NOU 2006:15

Ei arbeidsgruppe oppnemnt frå Kyrkje- og kulturdepartementet har føreslått at det vert laga eit frivillighetsregister. Føremålet med registeret er at det skal vere ein opplysningsbank som kan betre og forenkle samhandlinga mellom det frivillige og det offentlege. Eit anna føremål er at det skal vere lettare for det offentlege å innrette politikken mot dei frivillige organisasjonane. NU støttar tiltaket.

Hjarte for heile landet - Om distrikts- og regionalpolitikken ST.MELD 21

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding som varslar ny kurs i distrikts- og regionalpolitikken. Meldinga varslar mellom anna ei satsing på kulturbasert næringsutvikling. Ho fokuserer og på dei frivillige organisasjonane si rolle i distrikta. NU vil i innspel til meldinga særleg fokusere på kulturorganisasjonane si rolle i lokalsamfunna.

Lokaldemokratikommisjonen si andre utgreiing – NOU 2006:7 Det lokale folkestyret i endring. Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken.

Utgreiinga omhandlar situasjonen for lokaldemokratiet. Sentrale tema er valdeltaking og rekruttering av lokalpolitikarar. Utgreiinga tek også føre seg frivillige organisasjonar og lokaldemokratiet.

Statsbudsjett 2007

Statsbudsjettet blir lagt fram 6. oktober. Spenninga knytt til kva del av kulturløftet som vert gjennomført i år, er stor! Studieforbunda fekk ekstra midlar i revidert statsbudsjett til opplæring. Vi er optimistiske også med tanke på opplæringsmidlar på dette budsjettet.

Politikk for nynorsk

20 riksdekkjande nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter har sendt eit samla innspel til stortingsmeldinga om språk og makt.

Les innspelet på Ivar Aasen-tunet sine nettsider: www.aasentunet.no

Samarbeid i organisasjonane som driv med folkemusikk og folkedans

Landslaget for Spelemenn (LfS), Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD), Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) og NU arbeider no fram eit notat med eit samla krav om ein opptrappingsplan på folkemusikk- og folkedansfeltet. Notatet vil bli presentert i eit møte med statssekretæren i departementet og danne vidare grunnlag for lobby utover vinteren.

Amatørteaterorganisasjonane

Norsk teaterråd, som er paraplyorganisasjonen for alle amatørteaterorganisasjonane vedtok i 2005 nye reglar for korleis statstøtta til teaterarbeid skal fordelast. Endringane skal setjast i verk frå og med 2007. Noregs Ungdomslag har vore opptekne av at vi som ein av dei største teaterorganisasjonane skal få ein rettferdig del av midlane som står i forhold til det gode teaterarbeid de driv ute i lokallaga. Dette vil gjere at vi kan yte betre sørvis og lage rimelegare og gode kurs.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

Aktivitetskalender

| | |
|-------------|--|
| 23.9 | NM i teatersport |
| 23.9 | Dansekveld med "Tjukke slekta" BUL i Nidaros |
| 24.9 | Folkedanskveld med De Frilynde, BLS Oslo |
| 27.9 | Kurs i springar frå Masfjorden, Bergen ul Ervingen |
| 28.9 | Polskor og gammaldans i BLS med spelemennene Jonas Brandin, Olle Brandin og Jon Holmen |
| 29.9 | Dansekveld, Gimle, Bergen |
| 29.9-1.10 | Folkelarm i Oslo |
| 30.9 | Leikfest for barn og unge, Vestadringen, Elverum |
| 1.10 | Folkedanskveld med Flatlusa Spellemannslag, BLS Oslo |
| 6.-8.10 | Hautstur til Firgård, BUL i Nidaros |
| 8.10 | Folkedanskveld med Nysst, BLS Oslo |
| 13.10 | Song og dans på Eidsholmen, Bergen ul Ervingen |
| 15.10 | Folkedanskveld med Bærum Spellemannslag, BLS Oslo |
| 18.10 | Dans for store og små, BUL i Nidaros |
| 20.-22.10 | Ungdomssamling, Kristiansand |
| 20.-22.10 | Stor dansehelg i BUL, Siddisstova, Stavanger |
| 20.-22.10 | Storkurs i Sogn og Fjordane Ungdomslag, Loen, møte i teaterrådet i NU |
| 20.-22.10 | Polskurs, dansefest med P.A.Røstad jr.s, Stavanger |
| 20.-22.10 | Skinnefellkurs del 1, Kristiansund |
| 21.-22.10 | sats ungt! Bergen |
| 21.10 | Hautleik med Søndre Trondhjems Spelemannslag |
| 22.10 | Folkedanskveld med AskerLandden, BLS Oslo |
| 26.-29.10 | Osafestivalen, Voss |
| 28.10 | Familiefolkedanskveld, fensal, Bergen |
| 28.-29.10 | Sjantikurs, Bergen ul Ervingen |
| 29.10 | Folkedanskveld med Steinsgårdskroken, BLS Oslo |
| 1.-5.11 | Hilmarfestivalen, Steinkjer |
| 3.-4.11 | Ungdomsringsamling, Steinkjer |
| 3.-5.11 | Dans og spell, Bodø Folkedanslag |
| 4.11 | Kulturdag i Stabekk kino med Bærum Spelemannslag og Øvrevoll spelemannslag, spel og dansekurs på dagen, dansefest om kvelden |
| 5.11 | Folkedanskveld med Fanteladdane, BLS Oslo |
| 8.11 | Teaterkveld: Bikubesong, Bergen ul Ervingen |
| 10.-12.11 | Kurshelg Gudbrandsdal Ungdomslag, Fåberg |
| 11.11 | Leikfest med framsyning av folkedansmusikalen Tornerose, BUL i Oslo |
| 12.11 | Folkedanskveld med Bærum Spellemannslag, BLS Oslo |
| 18.11 | Konsert med Songlaget, BUL i Nidaros |
| 19.11 | Folkedanskveld med Best før..., BLS Oslo |
| 25.11 | Åsane Ungdomslag 60 år, Åsane |
| 25.-26.11 | Helgekurs i parhalling, Bergen ul Ervingen |
| 26.11 | Folkedanskveld med Husk gammeldansorkester, BLS Oslo |
| 3.12 | Folkedanskveld med Farande Fant, BLS Oslo |
| 10.12 | Folkedanskveld med Nysst, BLS Oslo |
| 13.-14.12 | Konsert med koret, Bergen ul Ervingen |
| 2007 | |
| 26.-28.1 | Storkurs Telemark UL, Aust og Vest-Agder UL og Rogaland UL, Telemark |
| 26.-28.1 | Storkurs Hordaland |
| 26.-28.1 | Storkurs Troms |
| 2.-4.2 | Helgeseminar med Per Oddvar Hildre, Bygdelagskoret, Oslo |
| 27.-29.4 | Fagseminara, Sørmarka |
| 18.-27.6 | Norsk Amatørteaterfestival, Folkekulturfestivalen, årsmøte og |

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550